



Reidun Iden Lædre
Ievegen 265
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1663 - 18/20920

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
28.09.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt inngjerding av beite Gbnr. 49/2 lo

Administrativt vedtak. Saknr: 255/2018

Saksutgreiing:

Reidun Iden Lædre søker i brev datert 25.09.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjere ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld inngjerding av beite på Gbnr. 49/2 på lo i administrativt vedtak saknr. 254/2015. Arbeidsfristen går ut 01.10.2018. Fylkesmannen sin ref. 15/011547.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, og det er lagt ned mykje arbeid i prosjektet. Søklar opplyser at dei er omtrent halvvegs av inngjerdinga. Vidare opplyser søklar at av helsemessige årsakar har arbeidet teke lengre tid enn forventa. Den gjerdinga som står at er arbeidskrevjande då den krev mykje boring i fjell for å festa staur/stolpar. Det er høve til å forlenga fristen med 2 år for å gjennomføre prosjektet.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje blir avslutta innan fristen, må akseptast. Gjerding kan vere arbeidskrevjande og særleg i dei tilhøve det må borast for å setta opp stolper. Administrasjonen meiner vidare at det er vanskeleg å ta høgde for helsemessige årsakar i planlegging og gjennomføring av arbeidet. Administrasjonen vil samstundes understreke at arbeidet er godt i gang og at det er lagt ned mykje godt arbeid i prosjektet. Det er difor viktig at prosjektet vert slutført og tiltaket ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Reidun Iden Lædre utvida frist til 01.10.2020 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 254/2015. Det er ingen endring i villkåra

som gjeld for gjennomføring og ferdigstilling. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 254/2015.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. »

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Reidun Iden Lædre

levegen 265

5917

ROSSLAND